

Organ: STYRET	Arkivkode:	Saks nr.: Møteprotokoll	
Møtestad: Sandane	Kode:	Sakshandsamar: IBA	Dato: 15.09.2025

Frå styremøte i Nordfjord Miljøverk IKS

Tid: Måndag 15.09.2025 kl. 14:00 – 17:30
Møtestad: Gloppen Hotell, Sandane

Til stades: Sven Flo, Jan Henrik Nygård, Marit Elisabeth Larssen
Gunn Sande og Jorunn Frøyen

Forfall: Tor Olav Sande

Administrasjon: Inge Bent Arnestad
Frode Denk
Alexander Wilke

22/25 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Administrerende direktør si
TILRÅDING
Innkalling og sakliste vert godkjent

Styret gjorde deretter følgjande
VEDTAK
Tilrådinga frå administrerende direktør vart samrøystes vedtatt.

SAK 23/25 GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ FØRRE STYREMØTE

Administrerende direktør si
TILRÅDING
Møtebok frå førre styremøte 16.06.25 er godkjent, og signert elektronisk.

Styret sitt
VEDTAK
Tilrådinga frå administrerende direktør vart samrøystes vedtatt.

Sign. :	
---------	--

Organ: STYRET	Arkivkode:	Saks nr.: Møteprotokoll
Møtestad: Sandane	Kode:	Sakshandsamar: IBA
		Dato: 15.09.2025

SAK 24/25 PERIODEREKNESKAP PR. 30. JUNI 2025

Vedlagt følger rekneskapsrapport.

Bokført resultat:

- Rapporten viser eit driftsresultat på kr. 3.552.000,- mot budsjett kr. 342.000,-
- Bokført resultat etter finans er kr. 3.739.000,- mot budsjett kr. 158.000,-

Kommentarar:

- inntekter på abonnementsgebyr både på hushald og næring er periodisert i samsvar med faktisk fakturert
- inntekter slam er bokført i samsvar med utgåande faktura, og kostnadsført med 85% av samla inntekt (15% administrasjonspåslag)
- mottekne inngåande faktura er bokført/avsett i perioden

Oppsummering resultat

Netto positivt resultat skuldast i hovudsak:

- 1.2mill. i ekstraordinære inntekter sal av driftsmidler (maskiner/lastebilar)
- 1,4 mill. lågare handsamingskostnader avfall enn budsjett (primært nedgang i restavfall)
- 0,7 mill. under budsjetterte andre driftskostnader
- 0,4 mill. over budsjett i resultat finans

Utfyllande informasjon vert gjeve i styremøtet.

Administrerende direktør si

TILRÅDING

Styret tek framlagde rekneskapsrapport pr. 30. juni 2025 til orientering.

Styret sitt

VEDTAK

Tilrådinga frå administrerende direktør vart samrøystes vedtatt.

Sign. :	
---------	--

Organ: STYRET	Arkivkode:	Saks nr.: Møteprotokoll	
Møtestad: Sandane	Kode:	Sakshandsamar: IBA	Dato: 15.09.2025

SAK 25/25 NYTT KUNDEHANDSAMINGSSYSTEM

BAKGRUNN

Viser til orienteringssak 44/24, 07/25 og sak 19/25– Nytt kundehandsamingssystem

Styret sitt

VEDTAK

Styret gjev styreleiar fullmakt til å vurdere ulike løysingar for etablering av ny datastruktur i samråd med administrasjonen fram til neste styremøte.

SAKSUTGREIING

NoMil nyttar kundehandsaminssystemet ISY ProAktiv levert av Norconsult, eit system som vert fasa ut seinast 31.12.2026.

NoMil har delteke i ei gruppe i regi av Samfunnsbedriftene som har vurdert system for kundehandsaming og handtering av matrikelopplysningar. Gruppa er sett saman av alt frå dei minste kommunane til renovasjonsselskap i dei største byane. Dette har gjort det krevjande å kome fram til felles løysingar sidan behov, tilgang på kompetanse og økonomiske rammer varierer svært mykje.

NoMil har ikkje eigen dataressurs til drift av vårt kundehandsamingssystem, økonomi- og fakturaprogram, vektregistrering, informasjonssystem med meir. Administrasjonen vurderer at eit samarbeid om felles datadrift med andre renovasjonsselskap på vår størrelse og med tilsvarende behov truleg vil vere rimelegare, meir robust med høgre kompetanse en om ei driftar ei eigenregi.

Administrasjonen har dei siste månadane vore i dialog med fleire renovasjonsselskap i Vestland (KAV-samarbeid) som nyttar ISY ProAktiv eller andre system som dei ynskjer å byte.

NoMil har eit godt administrativt samarbeid med renovasjonsselskapet NGIR – Norhordland og Gulen Interkommunale renovasjonsverk.

NGIR har om lag like mange hushaldningsabonnentar, tilsvarende bilpark og mykje dei same geografiske utfordring som NoMil.

NGIR har i ei årrekkje nytta systemet KOMTEK, eit system utvikla for kommunesektoren. Systemet er i lita grad tilpassa renovasjonsbransjen, og NGIR har i mange år hatt eit tett samarbeidd med konsulentselskapet Asplan Viak om utvikling av systemet «Adaptive Renovasjon» - eit nytt kundehandsamingssystem som skal erstatte KOMTEK.

Asplan Viak, som er eit av Norges største rådgjevande ingeniør-, plan- og arkitektfirma med over 1300 tilsette, leverer tenester til stat, fylke og kommunar, forsvaret og kartløysing til Kystverket og private aktørar.

NoMil har engasjert Asplan Viak i samband med vurderingar av nytt utsleppsløve.

Sign. :	
---------	--

Organ: STYRET	Arkivkode:	Saks nr.: Møteprotokoll	
Møtestad: Sandane	Kode:	Sakshandsamar: IBA	Dato: 15.09.2025

Asplan Viak har invitert inn NoMil som partner i det vidare utviklingsarbeidet saman med NGIR og andre aktuelle renovasjonsselskap.

Tilbodet frå Asplan Viak er

Utviklingsbidraget ved kontraktsinngåing 2,0 mill, men følgjande rabattstruktur på årslisens største programpakke kr. 500.000,- fram til 2036:

År	Rabattavtale
2026-2028	50%
2029-2032	45%
3033-2036	40%

Det vert ikkje belasta lisensavgift i 2026 ved overgang haust 2026. Som partner vert det ikkje belasta kostnader for opplæring og konvertering frå gammalt system.

Dette vil gje følgjande kostnadsutvikling over 10 år samanlikna med dagens løysing, ordinær kunde og kunde med partner avtale:

Periode	Dagens avtale	Ordinær kunde	Partner
2026 Oppstartskostnad	0	0	2 000 000
2027-2028	1 293 484	1 000 000	500 000
2029-2032	2 586 968	2 000 000	900 000
2033-2036	2 586 968	2 000 000	800 000
SUM	6 467 420	5 000 000	4 200 000

Våre sakshandsamarar har fått grundig innføring i systemet.

Vedlegg: Presentasjon frå Asplan Viak

Administrerende direktør si

TILRÅDING

Styret i NoMil gjev styreleiar og administrasjonen fullmakt til å inngå partneravtale med Asplan Viak om nytt kundehandssamingssystem «Adaptive renovasjon».

Styret sitt

VEDTAK

Tilrådinga frå administrerende direktør vart samrøystes vedtatt.

Sign. :	
---------	--

Organ: STYRET	Arkivkode:	Saks nr.: Møteprotokoll	
Møtestad: Sandane	Kode:	Sakshandsamar: IBA	Dato: 15.09.2025

SAK 26/25 BUDSJETT 2026 ØKONOMIPLAN 2026 - 2029

NoMil skal etter selskapsavtalen, og som basis for god økonomistyring, ha eit budsjett og ein økonomiplan. Desse skal utarbeidast av styret og vedtakast av representantskapet i NoMil. Desse skal danne grunnlag for fastsetting av renovasjonsgebyr for komande år, som skal endeleg vedtakast av kommunestyra i dei 5 eigarkommunane.

GRUNNLAG FOR BUDSJETTARBEIDET FOR 2026:

- Rekneskap 2024 og budsjett 2025
- Basisføresetnader, løns- og prisstigning i tråd med SSB konjunkturtendensar
- Fastsetting av inntektsgrunnlaget for verksemda gjennom forskrift for renovasjonsgebyr og prisar på varer og tenester.
- Styret sine føringar til vidare utvikling og satsingsområde

BUDSJETT 2025 OG REKNESKAP 2024

Resultatet for 2024 viste eit årsresultat på kr. 4.201.319,- etter skattekostnader. I 2025 er det budsjettert med eit årsresultat på 171.606,- etter skattekostnader.

BASISFØRESETNADER OG GENERELL KOSTNADSUTVIKLING

SSB sine konjunkturtendensar for 2026 legg til grunn ein lønsvekst på 4,0%, ein auke i KPI inkl. straum på 2,5% og ei auke i KPI (JAE) ekskl. straum på 2,8%.

Med bakgrunn i SSB sin e vurderingar, er drifts kostnader budsjettert med ei auka på 3,25 %.

Prisstigning knytt til transport og handsaming av hushaldningsavfall er budsjettert ut frå gjeldande og forventade nye avtaler justert for ekstra avgifter og transportindeks.

Ordinære renovasjonsgebyr og andre inntekter er budsjettert med ei auke på 3,25 % i 2026. Dette er i tråd med vedteken gebyrauke i Økonomiplan 2025 – 2028.

Det er i lagt inn 3,25 % auka slamgebyr i 2026.

Slamgebyr for kommunane Stad, Bremanger og Gloppen som tidlegare har vore ulikt prisa, er no harmoniserte.

Sign. :	
---------	--

Organ: STYRET	Arkivkode:	Saks nr.: Møteprotokoll	
Møtestad: Sandane	Kode:	Sakshandsamar: IBA	Dato: 15.09.2025

BUDSJETTFRAMLEGG FOR 2026

1.0. Avfallsmottak

Budsjettframlegget for 2026 er basert på vidareføring av drifta i 2024, men korrigert for forventna endring i avfallsmengde for hushaldning- og næringsavfall.

Det er lagt til grunn følgjande avfallsmengder i 2026 med slik fordeling:

	Reelt	Reelt	Reelt	Reelt	Budsjett	Budsjett
Mengde / år	2021	2022	2023	2024	2025	2026
Restavfall	10221	10134	9801	8052	8000	7450
Våtorg. avfall	2879	2741	2404	2304	2365	2600
Glas/metallemb.	758	648	621	663	650	700
Trevirke	1646	1593	1538	1780	1000	1850
Papp/papir	1549	1413	1242	1218	891	1000
Plast	421	360	255	313	303	300
EE-avfall	393	389	351	350	350	350
Farleg avfall	639	567	488	603	550	550
Anna avfall	1520	1320	1347	1478	1091	1050
TOTALT	20026	19165	18047	16761	15200	15850

1.1. Behaldarrenovasjon

Budsjettutkastet tek utgangspunkt i at NoMil i hovudsak vidarefører dagens ordning, men abonnentar med lite restavfall vil få tilbod om 80 liter restavfallsbeholdar med redusert gebyr som erstatning for at ulovleg rabatt for einslege vert fjerna.

Behaldarrenovasjon vert vidareført i eigenregi i budsjettåret 2026.

1.2 Transport/behandling av restavfall og trevirke

Budsjettet tek utgangspunkt i gjeldande kostnad på kr. 1.217,- pr. tonn for behandling, transport og forbrenningsskatt. Det er i tillegg lagt inn ei prisjustering på transport og ei margin for auka statleg forbrenningsavgift på til saman 200,- pr. tonn.

Prisar på levering av trevirke for 2. halvår 2025 gjeldande til juni 2026 er kr. 400,-. Fram til juni 2025 vart det betalt 370,- pr. tonn, noko som gjev ein snittpris på om lag 30,- pr. tonn i 2025. I budsjettframlegget er det lagt inn ein snittpris på 450,- pr. tonn.

1.3 Hytter og fritidshus

Budsjettet tek utgangspunkt i at alle kommunane har tvungen hytterrenovasjon. Etablering av leveringsordning for matavfall og plastemballasje er vurdert i 2025.

1.4. Gjenbruksstasjonar

Gjenbruksstasjonar i alle kommunane er eit viktig tilbod til abonnentane og andre som leverer større avfallsmengder.

Det er i utgangspunktet føresett og budsjetttert med full drift på 7 gjenbruksstasjonar.

Sign. :	
---------	--

Organ: STYRET	Arkivkode:	Saks nr.: Møteprotokoll	
Møtestad: Sandane	Kode:	Sakshandsamar: IBA	Dato: 15.09.2025

2.0. Nye avtaler og anbod

- trevirke til materialgjenvinning/forbrenning frå 2. halvår 2025 – 1 halvår 2026
- ny renovasjonsbil på Nordfjordeid og 1 ny 50-tonn vogntog hovudanlegg

3.0 Investeringar

Av større investeringar er det budsjetttert med:

- kr. 5,3 mill. oppgradering/maskiner og utstyr/nye containerar hovudkontor
- kr. 1,5 mill. nytt brannvarslingsanlegg sorteringshall sentralmottak
- kr. 1,5 mill. nye rub-hall i Purkehol

4.0 Personalressursar og kostnader

Det er ikkje lagt inn nye stillingar i administrasjonen i 2026.

Sjåførar, renovatørar og operatørar vert tilpassa behov og endringar i avfallsmengde.

Det er budsjetttert med ein forventa lønsvest på 4,3 % i gjennomsnitt for alle tilsette.

5.0 Tilsette

Frå 2025 er det budsjetttert med totalt 46,83 årsverk:

- 9,33 årsverk i administrasjonen
- 10,4 årsverk på hovudanlegget
- 16,4 årsverk i renovasjonsavdelinga Nordfjordeid
- 6,0 årsverk i renovasjonsavdeling i Florø
- 4,70 årsverk på gjenbruksstasjonane

6.0 Inntektsgrunnlag

Det er lagt opp til ei vidareføring av gebyrsystemet frå tidlegare med ei prisauke i renovasjonsgebyret for 2026 på 3,25%.

Dette gjev følgjande budsjetterte inntekter i 2026:

INNTEKTER	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026
ABONNEMENTSGEBYR	61 044 983	64 832 309	67 496 334	72 428 044
INNTÉKT LEVERING FRAKSJONAR	3 078 191	3 021 395	1 880 996	3 258 223
INNTÉKT GJENBRUKSSTASJONAR	4 175 376	4 427 506	4 250 000	4 300 000
ANDRE DRIFTSINNTÉKTER	6 182 451	3 304 975	3 767 249	3 927 365
HYTTE / FRITIDSRENOVASJON	6 693 943	7 178 965	7 916 400	8 393 058
ABONNEMENTSGEBYR NÆRING	6 808 346	8 196 231	8 882 776	9 163 079
SLAM GEBYR	9 606 822	8 561 992	9 077 428	9 151 191
Sum driftsinntekter	97 590 112	99 523 373	103 271 183	110 620 960

Budsjettet for 2026 vert lagt fram med eit overskot på 200.000,- tilsvarande 0,2% av samla omsetning.

Sign. :	
---------	--

Organ: STYRET	Arkivkode:	Saks nr.: Møteprotokoll	
Møtestad: Sandane	Kode:	Sakshandsamar: IBA	Dato: 15.09.2025

7.0 Økonomiplan 2026 - 2029

Det er utarbeidd ein overordna økonomiplan for 2026 - 2029, der 2026 er basisbudsjettet. Kostnader til fornying av maskin- og bilpark er lagt inn med like årlege beløp.

Investeringar knytt til behandlingsanlegg for våtorganisk avfall føresett etablering av nytt biogassanlegg i regionen, og er førebels ikkje lagt inn i budsjett.

Det er ikkje lagt inn ny stillingar i administrasjonen i økonomiplan i perioden 2026 til 2029.

Det er lagt til grunn uendra eigarsamansetjing, innbyggjar- og abonnementtal i planperioden.

Avklaringar knytt til nytt utsleppsløyve kan føre til nye investeringar i bygg og anlegg etter pålegg frå statsforvaltar.

Nye investeringar i planperioden knytt til mogelege tiltak, vil bli aktivert og avskrive etter gjeldande satsar.

Det er lagt inn ei generell inntekts og kostnadsauke på hhv. 3,1% i 2027, 3,0% i 2028 og 2,90% i 2029.

Vedlegg: -budsjett 2026 totaloppstilling
 -budsjett 2026 inntekts- og kostnadsart
 -budsjett kommentarar
 -økonomiplan 2026-2029

Administrerende direktør si
TILRÅDING

I samsvar med vedtektene til Nordfjord Miljøverk IKS godkjenner representantskapet

1. Styret sitt framlegg til budsjett for 2026
2. Representantskapet gjev styret fullmakt til å endre inntekter og utgifter i driftsbudsjettet for 2026 dersom budsjettendringane ikkje fører til at netto driftsresultat vert vesentleg forverra.
3. Styret sitt framlegg til Økonomiplan 2026 - 2029

Styret gjorde følgjande

VEDTAK

Tilrådinga frå administrerende direktør vart samrøystes vedtatt.

Sign. :	
---------	--

Organ: STYRET	Arkivkode:	Saks nr.: Møteprotokoll	
Møtestad: Sandane	Kode:	Sakshandsamar: IBA	Dato: 15.09.2025

SAK 27/25 RENOVASJONGEBYR FOR 2026

Gebyrforskrifta for 2026 er i hovudsak ei vidareføring av gjeldande gebyrforskrift. Det vert i 2026 gjeve rabatt for standardabonnement med redusert restavfallsmengde i samsvar med vedteken «Standarforeskrift for hushaldningsavfall». Rabatt for kompostering er uendra.

Auka gebyr er berekna ut frå budsjett for 2026 med følgjande prosentsats:

- 3,25 % Samla auke i gebyrsatsane

Styret vedtek samstundes betalingsordning for levering av avfall til gjenbruksstasjonane og til Eidsmona sentralmottak.

Administrerande direktør si

TILRÅDING

Styret innstiller overfor kommunane å vedta framlegg til gebyrforskrift for 2026 med ein auke på 3,25 %, slik det går fram av forskrifta i denne saka.

Styret gjorde deretter følgjande

INNSTILING

Tilrådinga frå administrerande direktør vart samrøystes vedtatt.

Sign. :	
---------	--

Organ: STYRET	Arkivkode:	Saks nr.: Møteprotokoll
Møtestad: Sandane	Kode:	Sakshandsamar: IBA
		Dato: 15.09.2025

SAK 28/25 SLAMGEBYR FOR 2026

Slamgebyr frå og med 2024 er harmonisert i kommunane i Bremanger, Stad og Gloppen.

Gebyra for 2026 blir justert for ordinær prisstigning med 3,25%.

Administrerende direktør si

TILRÅDING

Styret innstiller overfor kommunane å vedta framlegg til felles gebyrforskrift for 2026 med ei endring i samsvar med sakutgreiing og framlegg til gebyrforskrift for tømning av slam.

Styret si

INNSTILING

Tilrådinga frå administrerende direktør vart samrøystes vedtatt.

SAK 29/25 STRUKTUR GJENBRUKSSTASJONAR YTRE NORDFJORD (unn. off. §§ 13, 14, 15 og 23)

Sign. :	
---------	--

Organ: STYRET	Arkivkode:	Saks nr.: Møteprotokoll	
Møtestad: Sandane	Kode:	Sakshandsamar: IBA	Dato: 15.09.2025

SAK 30/25 MIDLERTIDIG GJENBRUKSSTASJON SVELGEN

BAKGRUNN

NoMil er oppmoda av Bremanger kommune om å vurdere å etablere ein midlertidig gjenbruksstasjon i Svelgen. Utgangspunktet er ein enkel gjenbruksstasjon for ein periode på 2-3 år, med ei mogeleg lokalisering i Djupevika vest for Svelgen.

Bremanger kommunen ser føre seg følgjande løysing:

- Stasjonen må vere midlertidig, enkel og rimeleg å etablere
- Mottak avgrensa til 1-2 fraksjonar (for eksempel restavfall og trevirke)
- Avfallscontainerar på bakkenivå
- Opningstid nokre dagar i månaden, gjerne laurdagsope

SAKSUTGREIING

NoMil har vurdert ei midlertidig gjenbruksstasjonsløysing i Svelgen fram til ny stasjon på Nygård ved Skatestraumen er etablert.

Administrasjonen har følgjande merknader til stasjonen:

- må vere midlertidig, avgrensa til maksimalt ein opningsdag pr veke
- eigna areal med inngjerding/port, lys og tilrettelagt for snøbrøyting
- krav om trafikkssikker tilkomst med godkjent avkjørsel
- oppstillingsplassen for containerar på to nivå for å få
 - avfallet opp i containerane som er 2,5-2,8 meter høge
 - mogelegheit for gravemaskin å stampe avfallet i containerane
- avfallet må sorterast på stasjonen (jf. krav om materialgjenvinning) med oppstillingsplass for containerar med 6-8 fraksjonar
- mottak av farleg avfall som til dømes måling, vindauge/dører, asbest mm
- tilgang til sanitæranlegg for tilsette

Administrasjonen i NoMil har forståing for ynskje frå kommunen. Kommunen vurderer at ei enkel og rimeleg løysing med til dømes 2 ordinære containerar på bakkenivå vil redusere krav om at ei slik løysinga vert permanent.

NoMil har påpeika at behov for areal på to nivå og fleire fraksjonar.

Dersom abonnentar berre får levert deler av avfallsmengda dei forventar (restavfall/trevirke), og at resten må leverast på stasjonane i Smørhamn eller Purkehol, ser administrasjonen at dette kan føre til uynskt konfliktnivå med våre tilsette som skal utføre arbeidet.

Ein midlertidig stasjon har behov for 2 operatørar i 10-20% stilling med tilstrekkeleg opplæring og oppfølging, samt tilgang av lastebil, maskiner, sjåførar og containerar.

Sign. :	
---------	--

Organ: STYRET	Arkivkode:	Saks nr.: Møteprotokoll	
Møtestad: Sandane	Kode:	Sakshandsamar: IBA	Dato: 15.09.2025

Krav som må stettast ved etablering av ein midlertidig stasjon i Svelgen, vil kunne undergrave sjansen for etablering av ein ny felles stasjon i Bremanger.

Administrerande direktør si

TILRÅDING

Styret i NoMil meiner at ein midlertidig stasjon i Svelgen, kan føre til at etablering av ein ny permanent stasjon for heile kommunen bli svekka.

NoMil har ikkje disponible personalressursar og materiell til å drive ein midlertidig stasjon.

Styret ynskjer ikkje å imøtekome innspel om etablering av ein midlertidig stasjon i Svelgen.

Etter drøftingar handsama styret nytt framlegg til vedtak :

Styret i Nomil vil peike på at selskapet verken har personalressursar eller materiell til å drifte ein midlertidig gjenbruksstasjon i Bremanger. Styret kan derfor ikkje imøtekome ønskje frå

Bremanger kommune om etablering av ein midlertidig stasjon i Svelgen.

Styret vil i tillegg peike på at etablering av ein midlertidig stasjon vil kunne hindre etablering av ein ny permanent stasjon.

Styret sitt

VEDTAK

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedtatt.

Sign. :	
---------	--

Organ: STYRET	Arkivkode:	Saks nr.: Møteprotokoll
Møtestad: Sandane	Kode:	Sakshandsamar: IBA
		Dato: 15.09.2025

SAK 31/25 ORIENTERING- OG DRØFTINGSSAKER

Status fråvær og personale

Periode 01.01.2025-31.08.2025

1-3 dagar:	0,53%
4-16 dagar:	0,48%
over 16 dagar:	5,60%
Totalt fråvær:	6,61%

SSB tall for Q1 2025= 6,7%

SSB tall fot Q2 2025 = 6,6%

Utfyllande informasjon i møte

AMU

AMU (arbeidsmiljøutval) gjennomførte fyrste ordinære møte den 29.08.2025

Utfyllande informasjon i møte

Nye tilsetjingar

Miljø- og kvalitetsrådgjevar og kundekonsulent i nyoppretta stilling starta 01.09.2025.

Utfyllande informasjon i møte

Status drift

Redusert langtidsfråvær og nye resursar har redusert arbeidspresset i administrasjonen og på hovudanlegget/avdelingane.

Avfallsmengda er mindre som normalt for perioden.

Det er utført vesentleg vedlikehald på kvern og maskiner i på ettersommaren.

Drifta går elles som planlagt.

Status personalsaker

Utfyllande informasjon i møte

Administrerende direktør si

TILRÅDING

Styret tek orienteringane til vitande.

Styret sitt

VEDTAK

Tilrådinga frå administrerende direktør vart samrøystes vedtatt.

Sign. :	
---------	--

Organ: STYRET	Arkivkode:	Saks nr.: Møteprotokoll	
Møtestad: Sandane	Kode:	Sakshandsamar: IBA	Dato: 15.09.2025

SAK 32/25 EVALUEING AV STYRE OG DAGLEG LEIING

Bakgrunn

Styreinstruks for styret og dagleg leiar

Sakshandsamar

Styreleiar Sven Flo

Styret skal i tråd med styreinstruks punkt 5 sørge for ei forsvarleg forvaltning av verksemda, mellom anna ved å:

- føre tilsyn og kontroll med den daglege leiing og verksemda si verksemd elles.
- sjå til at verksemda vert drive og vidareutvikla innanfor fastsette formål, selskapsavtala, standardforskrifta og representantskapsvedtak.
- sjå til at det er ei forsvarleg og hensiktsmessig organisering av verksemda, herunder løpande vurderingar av organisasjonsstrukturen
- sjå til at verksemda har kvalifisert leiing og personell
- evaluere styret og dagleg leiing kvart år

Vedlegg:

Styreinstruks

Evalueringsskjema styre og dagleg leiing
(felles skjema)

Styreleiar si

TILRÅDING

Ovannemnte evaluering av styre og administrasjon vert teke til etterretning (unn. off.)

Etter drøftingar i styret vart det gjort følgjande

VEDTAK

Saka vert utsett til neste styremøte

Sign. :	
---------	--